Vedlegg 1

Farleg reisegods

Passasjerane kan ta med farleg reisegods om bord i passasjerskip. Varer som ikkje er oppførte på lista her, eller behaldarar/einingar som er større enn maksimal storleik oppført i lista, skal transporterast i samsvar med forskrift 1. juli 2014 nr. 944 om farlig last på norske skip.

Dersom samla mengd brannfarleg væske overstig 250 liter, eller talet på behaldarar med brennbar gass er større enn fem, skal det vere maksimalt 25 passasjerar om bord.

Røyking eller bruk av open flamme på utvendige dekk er forbode når skipet fører eksplosjonsfarleg eller brannfarleg reisegods.

Liste over varer som kan transporterast som farleg reisegods

UN-nummer	**Varenamn**	**Maksimal storleik per behaldar/ eining**	**Plassering om bord**	**Tilleggskrav**
0012, 0014	Ammunisjon til skytevåpen	-		Transporten skal skje i samsvar med våpenlovgivinga.
0336, 0337	Forbrukartilgjengeleg fyrverkeri	-	14 A	Varene skal vere pakka inn i forsegla originalemballasje. Skapet skal vere låst eller plassert i eit område der passasjerane ikkje har tilgang medan skipet er undervegs.
0191, 0194, 0195, 0196, 0197	Pyroteknisk signalutstyr	-	14 A	Varene skal vere pakka inn i forsegla originalemballasje. Skapet skal vere låst eller plassert i eit område der passasjerane ikkje har tilgang medan skipet er undervegs.
1001	Acetylen	9,6 liter		
1002	Komprimert luft	-		
1006	Argon	11 liter		
1044	Brannsløkkingsapparat med komprimert eller flytande gass	-		
1072	Oksygen	15 liter		
1090	Aceton	1 liter	14 A	Varene skal vere pakka inn i forsegla originalemballasje.

UN-nummer	Varenamn	Maksimal storleik per behaldar/ eining	Plassering om bord	Tilleggskrav
1202	Diesel	25 liter	14 A	
1203	Bensin	25 liter	14 A	
1263	Maling, lakk, spraylakk, topcoat, gelcoat	10 liter	14 A	Varene skal vere pakka inn i forsegla originalemballasje.
1300	White-spirit	5 liter	14 A	Varene skal vere pakka inn i forsegla originalemballasje.
1823	Reinhaldsprodukt som inneheld kaustisk soda	1 kg		
1824	Reinhaldsprodukt som inneheld klor	5 liter		Varene skal vere pakka inn i forsegla originalemballasje.
1950	Aerosolbehaldar	0,5 kg		
1978	Propan	11 kg		
1987	Raudsprit	5 liter	14 A	Varene skal vere pakka inn i forsegla originalemballasje.
2037	Eingongsbehaldar med gass	0,5 kg		
2672	Reinhaldsprodukt som inneheld ammoniakk	5 liter		Varene skal vere pakka inn i forsegla originalemballasje.
2796	Batteri, våte fylt med syre	-		Skal vere pakka inn slik at det ikkje kan oppstå kortslutning. Skadde batteri kan ikkje transporterast som reisegods.
3065	Alkoholhaldig drikkevare	-		Varene skal vere pakka inn i forsegla originalemballasje.
3077	Epoksy	1 liter	14 A	Varene skal vere pakka inn i forsegla originalemballasje.
3156	Gassblanding oksygen/nitrogen	12 liter		
3480, 3481	Litium-ion-batteri på meir enn 100 Wh som ikkje er installert i elektrisk utstyr	-		Skal vere pakka inn slik at det ikkje kan oppstå kortslutning. Skadde batteri kan ikkje transporterast som reisegods.

Symbolforklaring:

	Innvendige passasjerområde.
	Lasterom eller utvendige passasjerområde.
14 A	Fastmontert skap på utvendig dekk. Skapet skal a. reknast som eit eige rom med kategori 14, jf. SOLAS kapittel II-2 regel 9, eller kategori A, jf. HSC2000-koden kapittel 7.3. Skap på skip som ikkje er bygde etter desse standardane, skal ha brannisolering som gjev likeverdig vern b. ha oppsamlingsbrønn på minst 25 liter c. vere utstyrt med varme- eller røykdetektor d. ha fastmontert brannsløkkeanlegg* e. vere tilrettelagt for sjøsikring av kolli f. kunne overvakast under overfart, om naudsynt ved hjelp av kamera g. vere tydeleg merka utvendig med «FARLEG REISEGODS». Merkinga kan supplerast med IMDG-symbol for dei aktuelle fareklassane.
	Fastmontert skap eller fastmonterte hyller på utvendig dekk. Skapet eller hyllene skal a. vere plasserte minst tre meter frå dører, ventilasjonsopningar, naudutgangar, rømmingsvegar, mønstrings- og innskipingsstasjonar og brann- og redningsmidlar b. ha naturleg ventilasjon i topp og botn eller minst ei heil breiside av skapet eller hyllene c. ha fastmontert brannsløkkeanlegg* d. vere tilrettelagte for sjøsikring av kolli e. kunne overvakast under overfart, om naudsynt ved hjelp av kamera f. vere tydeleg merka utvendig med «FARLEG REISEGODS». Merkinga kan supplerast med IMDG-symbol for dei aktuelle fareklassane

* Eit fastmontert brannsløkkeanlegg kan i denne samanhengen vere ei løysing med dyse(r) inne i skapet som blir forsynt(e) frå ei NOR-kopling utanfor skapet.

Samlasting

- Fyrverkeri og pyroteknisk signalutstyr skal plasserast minst 6 meter frå brannfarleg reisegods.
- Brannfarleg gass skal plasserast minst 3 meter frå brannfarleg væske og blybatteri med syre.
- Oksiderande gass skal plasserast minst 3 meter frå brannfarleg væske eller brannfarleg gass.
- Dersom skipet fraktar farleg last i tillegg til farleg reisegods, gjeld krava til segregering, jf. forskrift 1. juli 2014 nr. 944 om farlig last på norske skip.

Opplæring

Reiarlaget skal sørgje for at personell som skal utføre oppgåver som mellom anna omfattar vurdering og behandling av farleg reisegods, blir gitt dokumenterbar opplæring. Opplæringa skal gje personellet kjennskap til

a. innhaldet i vedlegget her
b. tryggleiksdatablad og vurdering av kva som er farleg reisegods
c. risiko knytt til farleg reisegods
d. risiko knytt til samlasting av ulike typar farleg reisegods
e. fareklassane og lista over farlege stoff i IMDG-koden
f. MFAG-vedlegget til IMDG-koden
g. EmS-vedlegget til IMDG-koden.

Opplæringa skal ta sikte på å gjere personell kjende med kva som er sikker handtering, og kva som skal gjerast i ein naudssituasjon.

Opplæringa skal supplerast med oppdateringskurs minst kvart tredje år.